



Det vart trangt i riksvegen ved Eidsvik etter uhellet. Bilen ute til venstre er den som kørde inn i han som kørde vidare. Bilen ute til høgre er den som med naud og neppe unngjekk å bli påkjørd av denne. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ved 13-tida fredag var det nok eit trafikkuhell på riksvegen mellom Uskedalen og Herøysund, men no like ved Eidsvik Skipsbyggeri.

Ein sjåfør bremsa opp og stoppa for ei dame med barnevogn, og han som kom bak stoppa også. Men det klarte ikkje sjåføren i bil nummer tre. Han kørde inn i bilen foran og fekk betydelege skadar i fronten, men lukkelegvis vart det ingen personskade.

Sjåføren i bilen som vart påkjørd reagerte høgst uventa, han svinga brått ut i vegen og kørde vidare av ein eller annan grunn.

Manøvreren kom svært uventa på ein møtande bil, som med naud og neppe unngjekk samanstøyt ved at sjåføren vengde bilen utanfor vegkanten.

Av Ola Matti Mathisen